



## Tilleggsinnkalling

---

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Hjørundfjord eller Vartdalsfjord
<b>Dato</b>	07.06.2022
<b>Tid</b>	kl 08.30

---

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumenter er publiserte på [www.orsta.kommune.no](http://www.orsta.kommune.no).

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
PS 18/22	Byggerekneskap Ørstahallen/Fleirbrukshallen	22/2936

Ørsta, 03.06.2022

Sven Castberg



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
18/22	Kontrollutvalet	07.06.2022

### Byggerekneskap Ørstahallen/Fleirbrukshallen

#### Dagleg leiar si tilråding:

#### Kontrollutvalet gir slik uttale til kommunestyret:

1. Kontrollutvalet viser til uttale frå revisor datert 26.04.2022, vedkomande byggerekneskap Ørstahallen/Fleirbrukshallen – bygging med tilhøyrande underprosjekt, med hovudprosjekt 501501.
2. Kontrollutvalet meiner at byggerekneskapen for Ørstahallen/Fleirbrukshallen, med ein total byggekostand på kr 198 994 601 inkl. mva., kan godkjennast, med atterhald om at det ikkje framkjem vesentlige tilleggsopplysningar eller endringar når det endelege saksframlegget ligg føre.

**Vedlegg:**

- 01 Revisjonsuttale - byggerekneskap Fleirbrukshall
- 02 Byggerekneskapsamanstilling Fleirbrukshall - alle prosjekt
- 03 ØRSTAHALLEN Sluttrapport REV II Saksframstilling frå komm.dir. til formannskap og kommunestyre
- 04 Sluttoppstilling\_rekneskap for prosjekt Ørstahallen 01.06.2022
- 05 K Sak 093-14
- 06 K Sak 062-15 Vedtak bygging fleirbrukshall Mosflata 11.06.15
- 07 K Sak 028-16
- 08 K Sak 097-16
- 09 K Sak 033-17 Vedtak bygging fleirbrukshall ved Ørsta stadion 27.04.17
- 10 K Sak 098-17
- 11 K Sak 038-18 rebudsjettering frå 2017 til 2018
- 12 K Sak 038-18
- 13 K Sak 084-18
- 14 K Sak 109-18
- 15 K Sak 144-21 Politisk behandling etter forhandlingar mellom ØIL og Ørsta kommune om tap av klubbhus

**Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet skal uttale seg før byggerekneskapen blir behandla i formannskapet og kommunestyret.

- Den totale byggekostnaden er på kr 194 994 601 inkl. mva. Dette inkluderer også dei fire underprosjekta; 501718, 501917, 501904 og 321901. Prosjektperioden har vore frå 2015-2021.
- Prosjektet er finansiert i samsvar med ei rekkje budsjettvedtak. Desse går fram av revisor sin uttale.
- I revisoruttalen går det fram at det er eit meirforbruk på kr 1 157 601 i prosjekta i høve til budsjettet. Det går fram av saksutgreiinga frå administrasjonen at det var unytta midlar kr 2 342 399. Dette har samanheng med at det er motteke tilskot frå andre på 3,5 mill. (Ørsta Idrettspark AS) .Det går vidare fram at Ørsta Idrettspark AS har gjennomfør tilleggsbestillingar på kr 4 622 865 som inngår i prosjektkostnaden.
- Revisor har gjort ein avgrensa revisjon.

**Vurdering og konklusjon:**

Byggerekneskapen kan godkjennast.

**Vest kontroll**

Jostein Støylen  
dagleg leiar